

På lag med
framtida.
Ålesund Venstre



VENSTRE

Barnehage, grunnskule, utdanning

Ein god barnehagedag vert leia av dyktige vaksne som inspirerer når dei kan, gir rom for lek når dei bør og trøystar når det trengs. Venstre vil ha fleire dyktige fagfolk i barnehagene for å skape ein god oppvekst for fleire. Venstre ønskjer å ha fokus på tidleg innsats for barn med behov for ekstra hjelp gjennom å styrke samarbeidet mellom dei som arbeider med barn og unge, og gi rom for innsats.

Vi vil:

- ✓ Ha fleksibelt opptak til barnehagen
- ✓ Vurdere automatisk rett ved fylte 1 år
- ✓ At alle born skal lære å svømme
- ✓ Ha gode rammefaktorar kombinert med trygg klasseleiing
- ✓ La dei med fagutdanning ta seg av eleven
- ✓ Utvikle skulehelsetenesta
- ✓ At SFO skal ha høg kvalitet, men framleis vere ein stad for sjølvstyrt og sjølvvald lek
- ✓ Betre rådgjevartenesta i skulen
- ✓ Ha alternative undervisings måtar, satsing på praktiske eller kreative arbeidsmåtar i ungdomsskulen.
- ✓ Styrke rolla som vertskommune for vidaregåande skular, fagskule og universitet

Helse og omsorg

Venstre erkjenner at einsemd og utanforskap er utfordring i dag, i alle aldersgrupper – vi har alle eit ansvar for å sjå enkeltmenneska rundt oss. Førebygging er aktivitet som må skje frå vogge til grav. Mangel på fysisk aktivitet, trygge livsvilkår og deltaking kan redusere liv og helse. Å sikre lavterskel helsehjelp og førebyggingsarbeid i ulike livsfasar og livssituasjonar er ei prioritert oppgåve. Venstre ønskjer å legge til rette for at alle skal få vere aktive heile livet.

Vi vil:

- ✓ bidra til meir «frisk liv»-arbeid, med t.d. rådgiving og trenings tilbod for utsette grupper
- ✓ styrke innsatsen innan barne- og ungdomspsykiatri
- ✓ styrke ordninga med brukarstyrt personleg assistanse
- ✓ styrke helsestasjonane som kompetansemiljø med rettleiing for alle aldrar
- ✓ legge til rette for brei brukarmedverknad
- ✓ spele på lag med dei pårørande
- ✓ ha ernæringsfagleg kompetanse og opne kjøkken på institusjonane i kommunen
- ✓ tilby dagsenterplassar for eldre som bur heime, men som har stort omsorgsbehov
- ✓ satse på fisk og landbruk

Næringsliv

Venstre ønskjer at kommunen skal ha ein aktiv næringspolitikk og støtte opp under nye og gamle næringsklynger i regionen, samt styrke tilbodet til nye bedrifter og gründerar. Som den leiande motoren for næringslivet på Nordvestlandet har vi også eit særskilt ansvar for å vere pådrivarar for å sikre gode vilkår for næringslivet i vest, samt å legge til rette for at flest mogleg av dei som satser på eigen næring skal lukkast.

Vi vil:

- ✓ Legge til rette for tilgjengelig næringsareal for utviding og nyetablering.
- ✓ Legge til rette for næringsutvikling i heile kommunen
- ✓ Utarbeide næringsstrategi for kommunen etter Haramsmodellen.
- ✓ Bruke mulighetene den teknologiske utviklinga gir industrien til å omstille seg til meir berekraftig ressursutnytting.
- ✓ Opne tomme kommunale bygg til gründeretablering og samlingslokaler for samhandling
- ✓ At Ålesundsregionen må profilere seg på grønt, berekraftig reiseliv og opplevingar.

Klima og miljø

Ålesund skal vere ein levande og attraktiv by med mindre utslepp av klimagassar, betre luftkvalitet og med mindre støy. Vi ønskjer difor at vår byregion skal inngå forpliktande byvekstavtale med Statens. Venstre vil støtte samferdsels tiltak som bidreg til effektivisering, er klimavennlege og er med på å trygge ferdsel for mjuke trafikantar.

Vi vil:

- ✓ Ta vare på naturen – småkrypa
- ✓ Stille krav om fornybar energi ved nybygg
- ✓ ha kommunale køyrety og kollektive køyrety over på låg- eller nullutslepp
- ✓ måle luftforureining – Moa, bysentrum/Lerstad og andre område
- ✓ auke tilgjenge til hurtiglagestasjonar for elektrisitet og hydrogen i heile kommunen
- ✓ arbeide for landstrøm i hamner der det er stor trafikk med transport- og cruiseskip
- ✓ fokusere på tiltak som belønner miljøtiltak blant cruiseskip
- ✓ ha meir gang- og sykkelstiar
- ✓ sørge for at alle har nærleik til grøntareal, fjell, sjø eller vatn

På lag med framtida.

Venstre sine kandidatar i Ålesund.



1. Kari Grindvik, ordførarkandidat

57 år og bur på Skodje
I kommunestyret/formannskapet frå 2011, varaordførar 2011-2015. Medlem i fellesnemnda for nye Ålesund. Er spesielt oppteken av folkestyre – eit lokaldemokrati som legg til rette for deltaking og samhandling.



2. Arild Terje Antonsen

53 år, busett på Aspøya
Vil arbeide for ein raus og inkluderende kommune. Kvart menneske er ein ressurs som må bli sett og høyrte. Den frivillige kulturaktiviteten i alle kommunedelane må ha gratis rom/lokaler og gode vilkår.




3. Håvard Urkedal

27 år, bur i Urkedalen på Grytastranda
Han brenn for at Ålesund kommune skal vere for alle menneske og skal inkludere LHBT og at vi skal ha ein ruspolitikk som gjer at narkomane skal få hjelp, ikkje straff.



4. Frida Schjølberg Sortehaug

31 år, bur på Lerstad (er frå Skodje)
Frida var varaordførar i Volda (2015-2018). Ho vil ha meir fokus på menneske, mindre på bil. Det moderne og grøne Ålesund vil bli ei attraktiv kommune for unge å etablere seg i. Tidleg innsats og trygg skuleveg gir gode oppvekstkår.



5. Nadarajah Gunapalan

61 år, busett Sjøholt
Kommunestyremedlem i Ørskog 2015-2019. Gunapalan ønskjer å fokusere på omsorgstrappa og vil ha auka satsing på døgnbemanna omsorgsbustader i heile kommunen. Bygging av gang- og sykkelveg, samt skulebygg utan helseisriko gir god folkehelse.




6. Hans Endre Sæterøy

53 år, bur på Harøya
Arbeider ved IP Huse og har erfaring frå kommunestyret, også 4 år som ordførar. Oppteken av å ta heile kommunen i bruk og at flest mogleg kan få sine rettmessige kvardagstilbod der dei bur. Styrke grunnskule og vidaregåande/høgskule slik at elevar og studentar kan få eit godt og trygt læringsmiljø for framtida.



7. Alvhild Aspelund Bjørge

66 år, busett på Ellingsøya
Tre periodar i Ålesund bystyre og medlem i helse og velferdsutvalet. Er opptatt av at vår kommune skal ha gode tilbod og levere rette tenester til dei som treng det, når dei treng det. Brukarmedvirknad er viktig for å levere gode tenester.




8. Kristian Stråmyr

25 år, frå Gamlem
Legge til rette for gründerskap og verdiskaping, mellom anna ved å nytte Haramsmodellen som legg opp til tett samarbeid mellom kommunen, skulane og næringslivet. Halde kulturlandskap og matjord i hevd av omsyn til matproduksjon for framtidige generasjonar, artsmangfald og oppleving av ope landskap.

9. Hildegard Maria Elfriede Maier, f. 1962, Harøy
10. Lars Ove Seljebø, f. 1971, Hatlane
11. Eili Leivúrsdóttir Arntsen, f. 1975, Vatne
12. Per-Morten Slyngstad Lindanger, f. 1982, Vatne
13. Andrea Wolstad Pracy, f. 2001, Hatlehol
14. Jørgen Ask Bakke, f. 1990, Harøy
15. Eva Kristin Fjørtoft, f. 1954, Harøy
16. Rolf Steinar Stavset, f. 1953, Skodje
17. Vibeke Ask, f. 1960, Harøy
18. Jon Jarlson Grimstad, f. 1969, Nørvøy
19. Arnstein Sæthre, f. 1961, Skodje
20. Nina-Shanett Arntsen, f. 2001, Vatne
21. Kristine Aspelund Bjørge, f. 1987, Ellingsøy
22. Jack Roger Blindheim, f. 1968, Spjelkavik
23. Robert Mark Coates, f. 1954, Harøy
24. Sigurd Joralf Eidset, f. 2000, Åse
25. Magne Ertresvåg, f. 1953, Nørvøy
26. Hilde Dagmar Gutvik, f. 1952, Nørvøy
27. Tor Wilhelm Havåg, f. 1962, Nørvøy
28. Kjell Ronny Johansen, f. 1978, Brattvåg
29. Ragnar Jarleif Johansen, f. 1948, Åse
30. Siv Hege Saltnes Klokset, f. 1981, Tennfjord
31. Anne-Marte Nelvik Løndal, f. 1990, Nørvøy
32. Hege Melkvik, f. 1975, Tennfjord
33. Roy Kasper Naalsund, f. 1968, Nørvøy
34. Arne Ove Opheim, f. 1950, Emblem
35. May-Sissel Richardsen Osvik, f. 1958, Ørskog
36. Anne Mari Lausund Relling, f. 1988, Spjelkavik
37. Ola Rønningen, f. 1981, Åse
38. Øyvind Mørkeset Sandbakk, f. 1979, Nørvøy
39. Robert Sandøy, f. 1976, Nørvøy
40. Jorunn Skjelten, f. 1943, Harøy
41. Ingrid Uri Standal, f. 2000, Longva
42. Ranveig Bakken Stavset, f. 1957, Skodje
43. Elise Marie Backlund Stavset, f. 1994, Skodje
44. Edith Anita Stokke, f. 1952, Skodje
45. Ole Leidulf Stokke, f. 1948, Skodje
46. Asbjørn Søvik, f. 1945, Ørskog
47. Greta Katrin Tenfjord, f. 1963, Tennfjord
48. Arild Mæhle Waksvik, f. 1957, Nørvøy

venstre.no/alesund

Venstre sine kandidatar i Ålesund.



Håvard Urkedal

Pål Farstad
Fylkesordførarkandidat

Britt Giske Andersen

Venstre vil arbeide for:

- ✓ At Ålesundregionen kjem med i byvekstavtaleordninga for å betre kollektivtilbodet
- ✓ At Fylkeskommunen må gi fiskeripolitikken større plass og framleis jobbe for evig vern av Mørefeltet
- ✓ Slå ring om og sikre EØS-avtalen for eksportnæringa
- ✓ At Atlanterhavsparken får nasjonal status som akvarium og marint formidlingsssenter
- ✓ At en havfagleg seksjon i Innovasjon Norge etablerast i Møre & Romsdal
- ✓ Jobbe for at det byggast nytt soningsssenter på Digernes.
- ✓ Auke fokuset på entreprenørskap og nyetablering i skolen og ha elevbedrifter på alle vidaregåande skular.
- ✓ Nei til vindkraft i sårbare og konfliktfylte naturområde. Vindkraft må ha lokal forankring. Ivareta naturmangfald og kulturminne.

Møre og Romsdal Venstre sine topp 10 kandidatar:

1. Pål Farstad, Kristiansund
2. Britt Giske Andersen, Giske
3. Frode Heimen, Molde
4. Lena Landsverk Sande, Vanøy
5. Håvard Urkedal, UV/Haram/Ålesund
6. Rita Rognskog, Aukra
7. Ragnhild Helseth, Kristiansund
8. Kari Grindvik, Skodje/Ålesund
9. Roald Røsand, Averøy
10. Martin Kjøpstad, Vestnes



På lag med framtida og på lag med Ålesund, Noregs fiskerihovudstad, fylkets største by - og kommune.

venstre.no/more-og-romsdal

” Sats på kompetanse for framtida

Kari Grindvik
ordførarkandidat



Venstre ønskjer eit samfunn med mangfald, der tilhøvet mellom menneske bygg på toleranse og respekt for kvarandre, for miljøet og naturen sine grenser.

Venstre ønskjer eit attraktivt Ålesund i utvikling. Når den nye kommunen vert etablert får vi høve til heilskapleg planlegging og å finne nye løysingar på oppgåver i heile kommunen.

Vi må ha insentiv for det grøne skiftet og legge til rette for nok næringsareal i heile kommunen. Tett samarbeid mellom næringsliv og vg skular skal sikre rett kompetanse for framtida.

Det er behov for livslang læring, difor må vi styrke moglegheita for kompetanseheving/utvikling både i det offentlige og private næringer.

Både som arbeidsgjevar og gjennom innkjøpsavtalar er vi opptekne av at Arbeidsmiljølova vert nytta som grunnlag for samarbeid på arbeidsplassane slik at dei tilsette sin rett til medverknad/påverknad på eigen arbeidsplass vert ivaretatt.

Openheit i forvaltninga og i politiske prosessar er avgjerende for tilliten mellom innbyggjarane og deira valde politikarar. Det bør difor opprettast eit eige lobbyregister for møter med formål å påvirke politikarar i ei sak.

Venstre set Folk først: vi vil ha tidleg innsats og førebygging – for å jamne ut ulikskap og hindre utanforskap.

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på Facebook-sida «Ålesund Venstre» eller på:

www.venstre.no/alesund



VENSTRE